

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	<h2 style="margin: 0;">Sal/avhending av utstyr - inventar - vidaregåande skular.</h2>			
	Dokumenttype: Rutinebeskriving	Godkjend av: Birthe Haugen Tor Oddvar Sjøvoll	Gjeld frå: 	Tal sider: 2
	Utarbeidd av: Opplæring/Fylkeskassen (Odd Bjarne Berdal, Arnfinn Rekve, Julia Myroldhaug og Rolv Sandbrekken)	Godkjend dato: 	Revidert dato: 	Arkivsak:

1. Føremål (kvifor vert rutinen /retningslina etablert og **kven** er ansvarleg)

- Rutinebeskrivinga gjeld for dei vidaregåande skulane. Rektor er ansvarleg for at rutinen vert følgd
- Det skal vera eins praksis på korleis skulane handtera sal av fylkeskommunale eigedeler til eksterne aktørar
- Det er viktig at skulane opptrer ryddig i slike sal og at inntekter vert ført i samsvar med gjeldande reglar for rekneskapsføring.
- Det må vere opne prosessar slik at det ikkje er tvil om at salsprisen er i samsvar med det som marknaden er villig til å betale. Dette er viktig for å unngå tvil om forfordeling ved sal.
- Større sal av inventar og utstyr skal først avklarast med Opplæringsavdelinga mellom anna for å sikre at det ikkje vert selt utstyr som kan nyttast andre stadar i fylkeskommunen.
- Alt utstyr som kan tenkast å ha verne- eller skulehistorisk verdi må vurderast av Fylkesarkivet før det vert lagt ut for sal.

2. Sal (Gjennomføring)

Salet skal som hovudregel gjennomførast i form av budrundar. Dette inneber at to mogelege former for tinglysing skal vere gjennomført i forkant:

- Finn.no vert nytta ved sal av einskilde produkt eller mindre kvanta av utstyr i form av budrunde. Det skal i annonsa til ei kvar tid opplystast om kva som er høgaste gjeldande bud. Det må også kome tydeleg fram kva tidspunktet auksjonen vert avslutta.
- Dersom det er snakk om sal av større kvanta inventar o.l oppmodast skulane til å annonsera salet for så å invitere interesserte kjøparar til synfaring etterfølgd av budrunde. Dersom det er større kvanta av forskjellige produktgrupper kan desse delast opp i forskjellige «pakkar».
- For å forenkle budrundane kan ein praktisere «lukka» budrunde kor budjevarar berre får mogelegheit til å levere eitt bud innan ein sett frist. Høgaste bud ved utgang av fristen vinn.
- Ved sal av køyretøy kan det gjerast unntak frå regelen. Det er likevel krav om at ein sikrar at køyretøyet vert sold i henhold til gjeldande listepris/marknadspris.

3.Betaling/ Rekneskapsføring (kva skal gjerast, korleis skal det gjerast)

- Det må identifiserst om salet skal inntektsførast i drift eller investering - dersom ein er i tvil må dette avklarast med Opplæringsavdelinga.
- Kunden betaler varen ved bruk av betalingsterminal eller skulen lager fakturagrunnlag og sender faktura til kunden på vanleg måte.
- Ved bruk av betalingsterminal skal det i tillegg lagast ei kvittering /kontrakt som identifisera kjøpar, kva som er selt og salspris.
- Varen leverest kunden når betaling er dokumentert